



Eldrerådet v/Norvald Elvik

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1516 - 15/219

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

08.01.2015

## Referat frå møte i referansegruppa for friluftslivets år i Radøy 6. januar 2014

### Til stades:

Bente K. Hervik (arbeidsgruppa for friluftslivets år), Gro Håland (arbeidsgruppa), Katarina Birkeland (Ungdomskoordinator Radøy kommune), Ingunn Halland (Barnas turlag), Bjørn Ove Myking (Radøy idrettsråd), Jannicke Helland (Råd for menneske med nedsett funksjonsevne), Øyvind Askeland (Ungdomsrådet). Norvald Elvik (Eldrerådet) møtte ikkje.

### 1. Informasjon om organisering og mandat

Bente K. Hervik informerte om friluftslivets år, om organisering av arbeidet i Radøy kommune og mandatet frå rådmannen. Presentasjonen ligg ved.

### 2. Planlegging av friluftslivets år

Bente informerte om kva planar arbeidsgruppa har for friluftslivets år i Radøy. Ei oversikt over desse finn de på s. 5 i vedlagt presentasjon. Kommunen vil ha ei særskilt satsing på skilting, merking og tilrettelegging av turstiar. Me har førebels to prosjekt me skal søkja midlar om. Desse er i Bømarka i samarbeid med Hordabø idrettslag og i området mellom Hallandsvatnet og Slettevegen i samarbeid med lokale eldsjeler og evt Marås grendalag.

Det er viktig at me set oss inn i tilskotsordningane og prøver å henta ut eksterne midlar. Ei oversikt over dei viktigaste tilskotsordningane er lagt ut her: <http://www.hordaland.no/tenester/tilskot/> Sjå under idrett og friluftsliv.

Kommunen har 200.000 til turstiar på budsjettet i 2015. Dette kan brukast til gjerdeklyver, bruer og anna tilrettelegging av løyper. Løyper som er skilta og merka og løyper som er mykje nytta, vil verta prioritert. Det er krav om grunneigaravtalar der kommunen betaler for slik tilrettelegging.

I møtet kom fram:

- Radøyløpet er fast 2. pinsedag. Dette må inn som ein del av friluftslivets år i Radøy. Det same gjeld trefjellsmarsjen som går kristi himmelfartsdag.
- «Radøy på langs» - familieløp/-tur over fleire dagar evt med fleire ulike turleiarar.
- Kan me få til ei skøytebane for eksempel ved Grønålen?
- Turar på gamle skuleveggar. Kan dette vera noko skulane kan vera interesserte i å vera med på?
- Ungdomsrådet jobbar med frisbeegolfbane. Plassering er ikkje avklart. I møtet kom det forslag om at denne bana kan leggjast til kommunen sitt område ved Bøtjørna.
- Turstien på Marøy bør oppgraderast og parkering må avklarast. Kan me få til eit samarbeid med grunneigarane på Marøy? Me bør også få opp skilting av kulturminna i Marøy. Ein gapahuk hadde også vore ynskjeleg å få på plass her.
- Eventuelle gapahukar eller andre større tiltak kan me søkja Gjensidigestiftelsen om støtte til. Søknadsfrist er 15. september.
- Me må ta kontakt med Nordhordland jakt og fiske og Radøy friluft for å høyra kva for planar dei har i år.

Vidare framover:

- Alle i referansegruppa må diskutera og informera om friluftslivets år med dei laga dei representerer før neste møte.
- Når ein har planar kan ein ta kontakt med Bente på tlf. 56 34 90 12 eller på e-post [bente.hervik@radoy.kommune.no](mailto:bente.hervik@radoy.kommune.no). Så snart ein har ein dato, bør ein leggja arrangementet ut i kulturkalenderen til Radøy kommune. Då vil den verta synleg på heimesidene til alle kommunane i Nordhordland, og slik kan ein prøva å unngå kollisjonar med større eller liknande arrangement.
- Ta gjerne kontakt med Bente om du tenkjer å søkja tilskot, eller ynskjer samarbeid med kommunen.

**Neste møte: 3. februar kl. 18.00 på rådhuset.**

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik  
rådgjevar kultur

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Presentasjon referansegruppe 06.01.15

**Mottakarar:**

Eldrerådet v/Norvald Elvik  
Nordhordland turlag v/Ingunn  
Halland

**Mottakarar:**

Ungdomsrådet v/Øyvind Askeland

Gro Håland

Kjartan Medaas

Radøy Idrettsråd v/Bjørn Ove

5937

BØVÅGEN

Myking

Råd for menneske med nedsett

funksjonsevne

Katarina Birkeland